



ULSTEIN KYRKJE

Saman på ferda



# *Ulstein Sokn*

## *Årsmelding 2017*

Godkjent av Ulstein sokneråd i S-sak 2018/13



DEN NORSKE KYRKJA

*Meir himmel på jorda*



Foto: Per Eide.

Den Norske Kyrkja  
Ulstein Sokn  
Kyrkjekontoret  
Sjøgata 61 (Pb. 143)  
6067 Ulsteinvik  
Tlf.: 70 01 76 80

Nettside Ulstein sokn: [www.ulsteinkyrkje.no](http://www.ulsteinkyrkje.no)  
Nettside Ulstein nye kyrkje: [www.ulsteinnyekyrkje.no](http://www.ulsteinnyekyrkje.no)  
Epost: [post@ulsteinkyrkje.no](mailto:post@ulsteinkyrkje.no)

## INNHOLD

1 Ein arena for fellesskap, tru, kultur og tradisjon .....	4
2 Ei aktiv folkekirkje .....	6
3 Kyrkjeleg årsstatistikk .....	7
4 Ulstein sokneråd .....	9
5 Gudsteneste – saman for Guds åsyn .....	10
6 Diakoni – saman for vår neste.....	12
7 Undervisning – saman i læring og praksis.....	16
8 Kyrkjemusikk – saman til Guds ære og glede for kvarandre .....	21
9 Misjon – saman om å dele evangeliet.....	25
10 Barn og unge – saman for ein trygg oppvekst.....	25
11 Bygge fellesskap gjennom frivillig engasjement .....	28
12 Tilsette .....	29
13 Prestetenesta.....	30
14 Bygg og annlegg.....	32
15 Økonomi.....	35
16 Informasjon og kontakt .....	38
17 Sluttord.....	39

# 1 EIN ARENA FOR FELLESSKAP, TRU, KULTUR OG TRADISJON

Over heile den protestantiske verda har 2017 blitt feira som 500-årsjubileet for starten på reformasjonen. Slik også i Ulstein kyrkje. 9 av 13 torsdagskveldar på Fredheim tok opp tema knytt til reformasjonsjubileet. Tysdag 31. oktober, sjølve dagen for jubileet, var det festgudsteneste i Ulstein kyrkje med heile 7 deltagande kor. I samband med gudstenesta vart det også laga til ei lita utstilling i våpenhuset med gamle lutherrelaterte bibelomsetjingar.

Ulstein sokn si storsatsing i jubileumsåret var eit sjølvskrive teaterstykke om Martin Luther og reformasjonen på våre strender som vart framført i 15 framsyningar.

**Dagfinn Olav Bye** var ei uvurderleg hjelp i dette. Han viser til salmeverset:

“Kirken den er et gammelt hus  
står om enn tårnene falle....”

Og seier: «Slik byrjar ein kjend salme, og minner oss på at alt til liks med kyrkjene er forgjengeleg. Og skodar vi tilbake i historia, vil vi sjå at kyrkja har hatt mange andlet...»

Det fortel oss at kvar tid, ja kvar generasjon, må skape si kyrkje. Men som salmen også seier oss, må vi aldri gløyme kjerna i forteljinga, den er alltid der - “om enn tårnene falle”.

**Gunhild Snipsøyrr** er engasjert i kyrkjelydsfellesskapen med fokus på born og unge:

«Eg ynskjer at borna mine skal oppleve at dei er del av noko som er større enn dei sjølve, og det å klare å utvide horisonten frå meg og mitt til eit fellesskap, er noko som gir meinings- og livsmot. For vår familie er gudstenestelivet eit slikt fellesskap der borna blir møtt og sett og får oppgåver som er tilpassa alder og meistringsnivå. Søndagsskulen, tårnagentklubben, korabeidet og speidaren er arenaer der borna på ulike måtar blir utfordra og opplever å få vekse utan jag etter prestasjonar. For oss er Ulstein kyrkjelyd sitt arbeid ein naturleg del av både kvardag og helg, med plass til heile mennesket med ånd, sjel og kropp. Det er her vi hører til.»

**Øyvin Sønnesyn** har i mange år vore ei musikalsk drivkraft i Ulstein sokn:

«I 2017 var det tjuande gongen vi arrangerte Julenattinéen i Ulstein kyrkje. Ein kan stille spørsmål ved om det framleis er behov for denne konserten, men frammøtet tyder på at den for mange har vorte ein viktig del av julefeiringa. 2017 var også året då Kunst- og utsmykkingskomitéen for Ulstein nye kyrkje starta arbeidet sitt. Eg kjenner meg både privilegert og audmjuk for at eg på denne måten får vere med i kyrkja sitt kulturarbeid. Paulus seier i 1.Peter 4,10: ”Ten kvarandre, kvar og ein med den nådegåva han har fått, som gode forvaltarar av Guds mangfaldige (fargerike) nåde.” Kultur er ikkje noko statisk, og det er heller ikkje trua. Kyrkja har alle stader og til alle tider vore utfordra til å kontekstualisere den glade bodskapen, bl.a. ved å bruke relevante kulturuttrykk og kommunikasjonsformer i si tid. Det handlar også om det å ta på alvor at mennesket ikkje berre er ånd, men også sjel og kropp. Eg ønsker å bidra til at dei som kjem til Ulstein kyrkje skal kunne kjenne seg heime i kyrkja, at dei kan spegle heile livet sitt i møte med evangeliet, og at dei går heim, glade, frimodige og fulle av håp.»



## REFORMASJONSDRAMA

Då Martin Luther spikra sine 95 teser på døra til Ulstein kyrkje ga det gjenklang langt utover Ulsteinvik. 15 framsyningar gav born og ungdom eit godt innblikk i opphavet til reformasjonen.

## SAMFUNNSENGASJERT

Gjennom diakoniarbeidet og Byggelklossen open barnehage skapar Ulstein sokn viktige møtestader for å bygge nettverk og knyte kontaktar.

## EIN VIKTIG KULTURARENA

Det har vore rekordmange konsertar i Ulstein kyrkje i 2017. Til saman 3350 besøkjande fann vegen til kyrkja. Det kyrkjemusikalske arbeidet legg også vekt på å involvere kor, band, solistar og andre musikarar til gudstenestelivet.

## ULSTEIN NYE KYRKJE ENGASJERER





Kjelerulling, Ulsteinmessia, konsert og gjeverateneste har engasjert mange for Ulstein nye kyrkje. Nesten 1,5 mill. kroner vart i 2017 samla inn til Ulstein nye kyrkje



## 2 EI AKTIV FOLKEKYRKJE

Kyrkja veks i takt med folketalet. Det er flere pilar som peika oppover for Ulstein sokn:

- flere konserter og kulturarrangement
- høg oppslutning om dåp og konfirmasjon
- flere gudstenester/deltakarar på gudstenester



## 3 KYRKJELEG ÅRSSTATISTIKK

### 3.1 KYRKJELEG ÅRSSTATISTIKK FOR 2017

	2013	2014	2015	2016	2017
Medlem og tilhørig i Dnk	6 461	6 521	6 558	6 523	6 588
Prosent medlem i Den norske kyrkja	79,8 %	78,6 %	77,8 %	77,1 %	77,0 %
Innmeldt i Dnk	1	1	3	8	13
Utmeldt av Dnk	9	16	41	63	28
Døypte (døypte nyfødde som bur i soknet)	71	781	79	58	72
Prosent døypte av fødde registrert i kommunen	81 %	75 %	79 %	81,7 %	67,9 %
Dåpshandlinger i soknet	92	82	79	65	75
Konfirmerte	114	107	111	91	101
Prosent konfirmerte av registrerte 15-åringar i kommunen	89,1 %	88,4 %	81,6 %	83,5 %	71,1 %
Kyrkelege vigslar utført	7	6	12	12	14
Gravferd utført	43	48	40	56	34
Prosent kyrkelege gravferd	82,7 %	88,9 %	95,2 %	101,8 %	89,5 %
Gudstenester totalt	73	80	73	84	81
Deltakarar, gudstenester totalt	17 158	15 639	15 020	15 544	15 310
Gudstenester sør- og heilagdagar	61	60	57	61	60
Deltakarar, gudstenester sør- og heilagdagar	14 191	13 773	11 249	12 871	12 889
Gudstenester utanom sør- og heilagdagar	12	20	16	23	21
Deltakarar, gudstenester utanom sør- og heilagdagar	2 967	1 866	3 771	2 673	2 421
Gudstenester med nattverd	52	56	50	53	63
Antall til nattverd	6 217	5 806	4 835	5 478	5 579
Gudstenester for barnehagebarn	2	3	3	3	3
Deltakarar, gudstenester for barnehagebarn	235	355	338	338	278
Gudstenester for skulebarn	3	3	3	3	3
Deltakarar, gudstenester for skulebarn	1 199	1 203	1 284	1 181	1 188
Gudstenester julafantan	2	2	3	4	3
Deltakarar gudsteneste julafantan	982	878	963	1 123	1 131
Andakter på institusjon eller aldershjem	83	78	80	80	76
Kyrkjeofringar totalt	46 8074	48 7462	46 7154	1 939 747	1 619 425
Offer/kollekt	382 619	385 103	343 579	450 075	417 025
Gjevarteneste	18 100	16 200	14 500	1 359 761	987 400
Andre innsamlingar	67 355	86 159	109 075	129 911	215 000



## 3.2 KOMMENTAR TIL KYRKJELEG ÅRSSTATISTIKK

Medlemstalet i Ulstein sokn veks i takt med folketalet. I løpet av dei siste fem åra har prosentandelen medlemar i forhold til folketale gått ned med 2,8% til 77,0% i 2017. Med tanke på eit samfunn med høg del av befolkning med innvandringsbakgrunn vitnar dette om at kyrkja i Ulstein står sterkt i Ulstein. Talet på utmeldingar har gått tilbake i forhold til i 2016, der vi hadde ein topp grunna innføring av utmelding på nettet. Vi gler oss over ein stigande trend på innmeldingar.

### DÅP OG KONFIRMASJON

Talet på dåpshandlingar svingar i takt med talet på fødde og sjølv om vi gler oss over fleire døypte i 2017 samanligna med året før har andelen på døypte i forhold til fødde gått ned. Her vil vi følgje med om nedgangen heng saman med at mange fødde blir først døypet i påfølgjande kalenderår eller om det er teikn til ein tendens. Ulstein sokn er opptatt med å legge godt til rette for dåp. I 2017 blei det arrangert ein dåpslaurdag for å kunne tilby dåp til fleire på tidspunkt der mange hadde ønske om dåp. Ulstein sokn fekk i 2017 ein dåpskjole i gave som er til utlån, slik at alt er tilrettelagt også for dei som har behov for det.

Dei fleste ungdomane i Ulstein vel kyrkjeleg konfirmasjon og dette er vi glade for.



Eit konfirmantkull med 101 ungdomar tok aktiv del i kyrkjelyden sitt konfirmasjonsopplegg. Det er 71,1 % av 15-åringar som bur i kommunen og 87,8% av 15-åringar som er døypte. Vi ser at den prosentmessige deltakinga er lågare enn i tidlegare år. Om dette er eit eingongstilfelle i 2017 eller ein trend vil vi følgje nøye med.

### FLEIRE VIGSLAR

Talet på vigslar til ekteskap i kyrkja har steget gjennom dei siste åra og med 14 vigslar i 2017 var det dobbelt så mange som i 2013.

### HØG OPPSLUTNAD OM GUDSTENESTE

Ulstein kyrkje er framleis blant dei best besøkte i landet. Meir enn dobbelt så mange kjem til ein gudsteneste i Ulstein kyrkje samanlikna med gjennomsnittet av dei andre kyrkjene i landet. Ved å involvere mange frivillige, samarbeide tett med eit mangfaldig og godt musikkmiljø i Ulstein og samarbeide med barne- og ungdomsorganisasjonane skapar Ulstein sokn eit attraktivt gudstenesteliv. Kyrkjerommet set ein del grenser for ambisjonane soknet har for å utvikle gudstenestefellesskapet enda meir.

## 4 ULSTEIN SOKNERÅD

### 4.1 MEDLEMMAR I ULSTEIN SOKNERÅD/ULSTEIN KYRKJELEGE FELLESRÅD 2015 – 2019

1. Annelise Kleven Godø	41631777	annelise@jklevens.no
2. Lars Osnes Fiskerstrand	95975041	lars.fiskerstrand@rolls-royce.com
3. Knut Einar Tokheim	48170106	knut@moreskule.no
4. Hennie Anett Viseth	95949619	hennieanett@hotmail.com
5. Hannelore Måseide	90924714	hannelore@stayon.no
6. Liv Osnes Dalbakken	94311080	liv.osnes.dalbakken@mrfylke.no
7. Susanne Gamlem	47383372	susanne75@hotmail.com
8. Inger Margrethe Roppen	47889877	ingerroppen@gmail.com
9. Sokneprest Margit Lovise Holte	70017683	sokneprest@ulsteinkyrkje.no

### VARAMEDLEMMAR

1. Arne Sivertstøl	91852775	sivert1@online.no
2. Ingvill Merete Kolshus Hopland	90837257	kingvill@gmail.com
3. Peder Kristian Heimland	48173551	pedhei@online.no
4. Karianne Svein Orvik	92299232	karianneorvik@gmail.com
5. Tørris Hegdal	90945385	th@sufh.no

Sokneprest i Hareid, Leidolv Grimstad er vikar for soknepresten i Ulstein

### KONSTITUERING

Leiar:	Annelise Kleven Godø
Nestleiar:	Lars Osnes Fiskerstrand
Sekretær:	Kyrkjeverje Christfried Kaul

### ULSTEIN KOMMUNE SIN REPRESENTANT I KYRKJELEG FELLESRÅD

Ordførar Knut Erik Engh	95766692	ordforar@ulstein.kommune.no
-------------------------	----------	-----------------------------

### KOMMUNAL VARAREPRESENTANT

Steinar Torvik	90688439	steinar.torvik@havyard.com
----------------	----------	----------------------------

### ARBEIDSUTVAL

Annelise Kleven Godø, Lars Osnes Fiskerstrand, Hannelore Måseide og Margit Lovise Holte

1. Varamedlem	Inger Margrethe Roppen
2. Varamedlem	Liv Osnes Dalbakken
Sekretær	Kyrkjeverje Christfried Kaul

### KONTAKTPERSONAR

Kirkens SOS	Inger Margrethe Roppen
Kirkens Nødhjelp	Knut Johan Rønningen
Det norske Bibelselskap	Kateket Bjørn Losvik
Komit�� for kyrkjekaffi:	Diakoniutvalet

### 4.2 SAKER FELLESRÅDET OG SOKNERÅDET HAR ARBEIDD MED

- Godkjenning av trusopl  ringsplan for Ulstein sokn
- Fornying av misjonsavtalen med NMS
- Handsaming offers  nader
- D  psliturgi
- Strategiar i kyrkjelydsarbeid
- H  yring «Ny lov for den norske kyrkja og andre trus- og livssynsamfunn»
- Vedlikehald av Ulstein kyrkje
- Skisseprosjekt til Ulstein nye kyrkje
- Arbeid med gjevarteneste «Kyrkjebyggjar i vår tid»
- Etablering kyrkjekunstkomit  
- Budsjett og rekneskap
- Tilsetting ny sekret  r

## 5 GUDSTENESTE – SAMAN FÖR GUDS ÅSYN

Både gjennom eit utstrakt samarbeid med det lokale musikkmiljøet, barne- og ungdomsarbeid og trusopplæring, er det mange ulike personar som deltek i eit variert gudstenesteliv. Besøkstal i gudsteneste held seg stabil.

### 5.1 GUDSTENESTEUTVAL/ARBEID MED GUDSTENESTE

Gudstenesteutval har kome i gang igjen i 2017 og det blei arbeidd med å få vidareutvikla og godkjent dåpsliturgien etter føringane frå biskopen. Fleire hadde eit ønske om at nokre av gudstenestene kunne blitt førebudd ved hjelp av faste grupper av frivillige i samarbeid med dei involverte tilsette. Dette blei gjort nokre gongar i 2017 og gudstenesteutval evaluerer denne ordninga.

Det er mange som er involvert i gudstenestelivet. Det er flott at dåpsfamiliane tek utfordringa med å finne ein person som er med og les tekstane i dåpsliturgien. Vi har ein nattverdsfeirande kyrkjelyd, og det er flott å sjå at mange brukar dei to nattverdstasjonane vi har i dei fleste gudstenestene. At vi har med ekstra song og/eller musikkrefter gir variasjon og inspirasjon i gudstenestelivet, og det høyrest godt at kyrkjelyden tek del i liturgi og salmesong. Det synest vere ein tendens at oppmøtet er godt når det gjeld gudstenester retta mot særskilde grupper, og dei er det heldigvis mange av, elles synest det vere ein liten nedgang i den faste flokken.

Gjennom året er det mange ulonna medarbeidaranar som tek del i kvar gudsteneste med oppgåver som medhjelpar, kyrkjevert, tolk, nattverdutdelar og kamera-ansvarleg for overføring av gudstenesta til Ulshaug og Alvehaugen. Og nokre gongar når vi veit det vil bli fullt i kyrkja, er det ekstra vakter ved trappa opp på galleriet og ved sideinngangen.

Ei gruppe born er kyrkjesvaler, og hjelper til med prosesjon, tenne lys, gi dåpshanddukar og samle inn offergåvene. Dei litt større borna er også med og les bøner og bibeltekstar. Nokre av dei største borna er nokre gongar også med og delar ut nattverd.

### 5.2 DRYPP- UNGDOMSGUDSTENESTE

Sidan hausten 2016 har vi i Ulstein sokn hatt eigne


ungdomsgudstenester. Tilbodet vart oppretta på bakgrunn av initiativ og entusiasme frå ungdommane sjølv, noko som er utrøleg viktig for å starte opp eit tilbod for ungdom.


Det å utvikle eit tilbod tek tid, og vi vil nok framleis seie at vi er i utviklingsfasen. Men vi opplev at dette tilbodet framleis er noko ungdommane i Ulstein ønsker, og vi ser ei relativ god oppslutning på desse gudstenestene. Drypp-gudstenesta vert arrangert om lag ein gong i månaden, og det er i gjennomsnitt 60 gudstenestedeltakarar.

Vi opplever desse ungdomsgudstenestene som eit godt tilskot til gudstenestelivet i Ulstein, og det er tydeleg å sjå at eit slikt fellesskap og samlingspunkt er viktig for ungdom i Ulstein. Det er og tydeleg å sjå at komiteen og dei som har oppgåver i desse gudstenesta veks inn i tenesta og får eit eigarskap til Drypp og kyrkja generelt.

Vi vil halde fram med desse gudstenestene, og vi vil framleis utvikle Drypp. Vi vil jobbe vidare for at ungdommane i enda sterkare grad sjølv kan bestemme innhald og uttrykk i desse gudstenesta.

Drypp-komiteen består i dag av fylgjande personar: Ragnhild Blindheim, Marie Blindheim, Andreas Halle, Ruben Voldsund, Reem Kidane, Silje Håheim, Eivind Roos, Øystein G. Tormodsæter, Beate Mjøen Berg.





## 6 DIAKONI – SAMAN FOR VÅRNESTE



Det er ei sentral side av det kristne menneskesynet at vi som menneske er skapt i Guds bilete til å være medmenneske. Vi er utleverte til kvarandre, og vi er avhengige av kvarandre og alt som lever. Vi er skapte til å tene kvarandre og til å ha omsorg for kvarandre. Diakonien har eit særskilt ansvar der få, eller ingen bryr seg. Det diakonale arbeidet i Ulstein kyrkjelyd er tufta på fire grunnpilarar: Nestekjærleik, Inkluderande fellesskap, Vern om skaparverket og Kamp for rettferd.

### 6.1 NESTEKJÆRLEIK

Vi har som mål å leggje til rette for at menneske kan hente styrke og hjelpe i relasjonen til Gud. Vi ønskjer å gje rom for stille, kvile og tid til bøn og ettertanke. Difor er Ulstein kyrkje open tysdag til fredag frå kl 08:30 til 16:00, slik at dei som vil kan setja seg ned for

ei stille stund. To kveldar i månaden er det og høve å kome i kyrkja på kveldstid for ein stille time. Her er det skriftlesing, musikk, høve til forbøn eller berre å sitja i stilla. Elsa Sæter, Astrid Viseth, Bjørg-Allis Haanes og diakonen er ansvarlege.

Både prestane og diakonen er opne for samtale og sjælesorg, og mange nyttar tilboden.

Vi ønskjer at folk i byen og i kyrkjelyden som har det vanskeleg grunna einsemd, sorg, sjukdom eller anna, skal få kjenne at kyrkjelyden er til stades for dei og utøver kristen nestekjærleik.

Frivillige og diakonen skipar til ei sosial samling på bygdestova ein måndag kvar månad. I 2017 var det 8 slike samlingar. Musikkkulen deltek fast på samlinga i februar med ein liten intimkonsert. Rundt 25 til 30 personar som deltek kvar gong. Dei frivillige er Aasmund Tandstad, Endre Havåg, Astrid Haddal Ryssevik, og Torstein Aksnes.

Laurdag før helgemesse var alle som hadde mist

nokon siste året invitert til ei samling i kyrkja der ein kunne minnast dei som var gått bort, tenne lys og der namna til dei avlidne vart lest opp. Dei 70 som var til stades fekk høyre vakker song av Mari Ann Vattøy.

To sorggrupper avslutta sine samlingar våren 2017, og det vart ikkje starta opp nye grupper då det ikkje var påmelde.

Diakonen besøkjer mange eldre som bur heime. Dette er ein viktig del av diakonen sitt arbeid og vert gjort i samarbeid med andre etatar. Vi har og som mål å legge til rette møteplassar for heimeverande med små born og for nye i bygda (utlendingar og norske utan barnehageplass). Open barnehage og babysong er viktige tiltak for denne gruppa. Desse vert omtala i eige avsnitt i årsmeldinga.



### 6.2 INKLUDERANDE FELLESSKAP

Vi ser det som særskilt viktig at gudstenestefellesskapet opplevast inkluderande og inviterande. Gudstenestene vert overførte til bygdestova og sjukeheimen, og er heilt tydeleg viktig for bebuarane der. Kvar søndag tilbys tolking til engelsk, og tekstane som blir lesne vert gitt til flyktningane i forkant av gudstenesta, slik at dei kan slå opp tekstane i eigen bibel.

I tillegg til gudstenestene ønskjer vi å gje eit åndeleg tilbod til dei som ikkje så lett kjem seg til kyrkje, og mest kvar torsdag er det andakt på sjukeheimen og bygdestova. Det var i 2017 39 andakter på kvar av desse institusjonane frå oss på kyrkjekontoret forutan gudstenestene på dei to institusjonane.

To gonger kvart år vert det arrangert gudsteneste med universell utforming. Dette er gudstenester der dei med psykisk funksjonshemmning er særskilt inviterte, og det kjem folk frå Volda og Herøy. På gudstenesta i juni var det 60 til stades og på gudstenesta i desember

var det 106.

Kyrkjekaffien er ein fin arena for inkluderande fellesskap, anten ein er ny i byen eller ein ønskjer å treff andre. Mange frivillige stiller opp med kaker og å lage til. Ei muslimsk familie som skulle flytte frå byen kom med kake i takksem til for at dei var blitt godt motteke og kjende med andre norske enn dei som jobba på mottaket. Mellom 50 og 70 deltek på kyrkjekaffi kvar sundag.

Internasjonal kvinnegruppe har no halde på i åtte år, og det er eit sosialt og åndeleg tilbod til innflyttarkvinner. Vi møtast i heimane annan kvar tysdag og praten går om laust og fast. Før jul og før påske inviterer vi til hobbykveldar der me lagar pynt til hus og heim. På desse samlingane kjem rundt 20 personar, elles mellom 12 til 18. Gruppa deltok på gudstenesta den 8. mars på SUFH. Sonja Kaldhol, Anne Marie Hopland og Elsa Sæter er med på å drive gruppa. Vi hadde i 2017 18 samlingar.

Sommarfesten på Kjeldsund er no tradisjon. Vi dreg dit rett etter gudstenesta, et middag saman, har leikar ute, og eit kort program inne til slutt. Fjoresteinane var med og song og spela, og to unge menn frå Ålesund hadde trylleshow. 120 personar deltok siste året.


### 6.3 VERN OM SKAPARVERKET

Kyrkjelyden arbeider med den bibelske forståinga av Guds skaparverk og mennesket som ein del av det. Ulstein kyrkjelyd er ein grøn kyrkelyd og det forpliktar. Skaparverket og Guds gave til oss menneske er tema på hausttakkefest og skaparverkets dag. Som kyrkjelyd ønskjer vi og å gjere borna bevisste gjennom trusopplæringstiltaka. Borna i 1. og 2. klasse vert invitert til ei samling der dei får plante og hauste poteter. Ein temakveld på Fredheim i november hadde tema: «Skaparverket er ikke til sals».

### 6.4 KAMPEN FOR RETTFERD

Som kyrkje er vi utfordra til å arbeide med rettferd og menneskerettar i både eit globalt og i eit lokalt perspektiv. Vi ønskjer å formidle haldningar som er inkluderande og akseptérande. Frivillige i kyrkjelyden brukar tid på å hjelpe og rettleie asylsøkjarar, hjelpe dei å tolke brev og informasjon dei mottek. Vi står rettferdsarbeid globalt gjennom misjonsprosjektet i Midtausten, der vi mellom anna er med å gje barn i flyktningeleirar skulegong via TV,

	2016	2017
Besøk barn	1 457	1 683
Av desse asyl-barn	210	193
Besøk vaksne	1 203	1 353
Av desse asyl-vaksne	197	167
Gjennomsnitt barn per opningsdag	12,78	14,7



SAT7 Academy, og helseklinikks for fattige i Kairo. I konfirmantundervisninga får dei lære om rettferd og menneskerettar. Gjennom handelsspelet, eit opplegg der konfirmantane er delt i tre grupper tilsvarande land på jorda med veldig ulike utgangspunkt. Dei rår over ressursar, produserer varer og sel desse til kvarandre. Ulik tilgang på ressursar og teknologi, ulik kunnskapsnivå og handelsavtaler som er fordelaktig for nokon er del av spelet og illustrerer godt kor urettferdig verda vår er. Konfirmantane er engasjert i Kirkens Nödhjelp sin fasteaksjon, og i 2017 kom det inn kr. 97 705.

## 6.5 DIAKONIUTVALET

Leiar Inger Margrethe Roppen, Tørris Heggdal og Anne Marie Hopland.

Diakoniutvalet har arbeidd med fornying av diakoniplanen, sommarfesten, gudstenestene med universell utforming og minnesamlinga ved helgemesse. Diakoniutvalet er ansvarleg for kyrkja sin miljøprofil, og vi ynskjer hjelp og tips til å drive dette fram.

## 6.6 PERSONALSITUASJONEN

Diakonen har vore delvis sjukemeld i 2017. Ved hjelp av vikarar og god frivillig innsats kunne dei fleste oppgåver gå som normalt.

## 6.7 BYGGEKLOSSEN OPEN BARNEHAGE

Sjølv om det er full barnehagedekning i Ulstein kommune er det mange som sett pris på tilbodet til Byggeklossen open barnehage. Mange foreldre opplever tilbodet som kvalitetstid saman med borna og ein viktig arena der born møter andre born og foreldre møter andre foreldre for å utveksle erfaringar og knyte gode nettverk.

I ei kommune med høg tilflytting og arbeidsinnvandring er eit slikt tilbod ein viktig kvalitetsfaktor for trivsel.

### BESØKSTALL

Etter utvida opningstid frå to til tre dagar i 2016 har trenden stabilisert seg med fleire besøkjande.

### ARBEIDET GJENNOM ÅRET

Open barnehage er annleis enn vanlege barnehagar. Foreldra har ansvar for borna, medan personalet har ansvar for det pedagogiske innhaldet i barnehagen. Her er inga påmelding, difor veit ein ikkje kven som kjem fra gong til gong.

Open barnehage er regulert av Lov om barnehagar, og Rammeplan for barnehagar. 2017 har vore prega av implementering av ny rammeplan for barnehagane. Dette syner att i årsplanarbeidet vårt, og bevistgjering av personalet. Vi arbeider for at borna som kjem, skal få ei oppleveling av eit pedagogisk og fagleg innhald i Byggeklossen. Det viktigaste er å sjå den enkelte som kjem, og at borna og dei vaksne kjerner seg verdifulle som den dei er.

Byggeklossen har både årsplan og semesterplan og er drive etter utvida kristen formålsparagraf. Under samlingsstundene våre har vi enkle bibelforteljingar eller liknande, og andre tema om livet, fysisk aktivitet, leik, turar o.l.

Vårt fokusområde har vore kommunikasjon, språk og tekst, som er eit av hovudområda i rammeplanen til barnehagane.

Byggeklossen er ein god arena for integrering og norskpraksis. Her møtest folk frå asylmottaket, arbeidsinnvandrar og fastbuande frå området vårt.

Tilbodet vi har er: Samlingsstund, felles lunsj kvar dag, fri leik, leik ute på leikeplassen, formingsaktivitetar, spleiselunsj, baking, karneval,

fysisk aktivitet og sansemotorisk leik i salen oppe, turgruppe haust og vår, babysong, graut-nisse-fest, kyrkjesøk som julegudstenester og påskevandring, vaksenforum ca. ein gong pr. mnd.

På vaksenforum har vi besøk av t.d. helsesøster, tannpleiar eller andre til ulike tema som er av interesse for brukarane. Barnehagen fylgjer skuleruta, og held stengt i skuleferiane.

### ØKONOMI

Byggeklossen får kommunalt tilskot etter statlege satsar for opne barnehagar. Med denne tildelinga har det vore mogleg å drive eit godt tilbod. Det er også ein eigenbetaling per dag borna brukar tilbodet.

### SAMARBEIDSPARTNARAR

Det er tette band mellom kyrkjelyden sitt arbeid og Byggeklossen open barnehage. For diakoniarbeidet med fokus på barnefamiliar, pensjonistar og innvandring har Byggeklossen open barnehage blitt ein samhandlingsarena som bygger både kyrkjelyden og samfunnet. Det unike samarbeidet mellom pensjonistar og barnefamiliar er ein helsefaktor for dei eldre. Besøk på sjukeheimen nokre gongar i året er ein viktig trivsels- og helsefaktor for bebruarane.

For trusopplæringsarbeidet og barne- og ungdomsarbeidet er Byggeklossen open barnehage også viktig. Vi ser ein samanheng mellom barnehagen sitt arbeid og den gode oppslutninga om trusopplæringstilbod og barne- og ungdomsarbeid.

Byggeklossen har samarbeid med barnehagesektoren i kommunen, asylmottaket, distriktstannklinikken og helsestasjonen.

### SAMARBEIDSUTVAL

2 representantar for brukarane,  
2 for eigar: kyrkjeverje og soknerådsleiar,  
2-3 tilsette-representantar: Pedagogisk leiar og 1-2 assistenter

Samarbeidsutvalet godkjenner årsplan i samsvar med Rammeplan og Lov om barnehagar. Samarbeidsutvalet har møte ein gong per år. Det er også talerør mot og for dei andre brukarane.

Vi har ei fast gruppe med frivillige pensjonistar, 15 stk. Desse gjør ein heilt fantastisk jobb for Byggeklossen og Ulstein sokn. To damer møter kvar gong, á 4 timer. Det vert 8 timer x 3 dagar x 38

skuleveker - ca. 912 timer frivillig hjelp kvart år.

Betydninga er stor både for dei, for oss som arbeider på Byggeklossen og for alle brukarane. Som ei lita takk for den hjelpa dei gjev, har vi kvar vår ein blåtur, som er utruleg kjekk.

Vi takkar Ranveig Myrene, Sølvi Myrene, Aslaug Dimmen, Anna Viseth, Åse Marie Sæbø, Hannelore Måseide, Klara Håkonsholm, Berit Hatløy, Åse Brandal, Mirzeta Mulac, Ingunn Myklebust, Bjørg Hasund, Sonja Kleven, Elida Lillebø, Åse Ringstad.

### TANKAR FRAMOVER


I desember 2017 hadde alle barnehagane tilsyn frå Ulstein kommune. I Byggeklossen open barnehage hadde tilsynet fokus på at det gjennomsnittlege bruktalet er lågare enn kapasiteten barnehagen er godkjend for. I denne samanhengen har det blitt varsle om ei lågare tildeling som vil få store konsekvensar for drifta av barnehagen i 2018. For ei god drift vidare er god oppslutnad om Byggeklossen barnehage avgjerande.

Byggeklossen har betydd utruleg mykje for mange, og vi ynskjer å halde fram med dette tilbodet. Det er full barnehagedekning i kommunen, men Byggeklossen er eit tilbod for dei som ikkje ynskjer full barnehageplass. Vi ynskjer å tilby ein annleis møteplass. Barnehagen har store positive ringverknader for soknet og Ulstein kommune.

### TILSETTE I BARNEHAGEN FOR 2017

Beate Mjøen Berg	Pedagogisk leiar 50 %
Nicoleta Muntenau	Assistent 30 %
Greta Håkonsholm	Engasjement 20 %
Vamathevan Sellathamby	Reinhaldar 9,6 %





## 7 UNDERSKOLE – SAMAN I LÆRING OG PRAKSIS

### 7.1 TRUSOPPLÆRING

I 2017 ferdigstilte Ulstein Sokn sitt arbeid med lokal plan for trusopplæring. Planen består av 26 tiltak med til saman 238 timar undervisning for alle døypte mellom 0 og 18 år.

Foreldre er den viktigaste ressursen for trusopplæring. Vi møter dei i dåpssamtalen og legg til rette for fleire møtepunkt for å vere saman på ferda i oppfyljing av dåpen. Eit døme på dette er frå tiltaket «Dåpsskule for seksåringar». Her har vi ei eiga temasamling med trusopplæringstips for foreldra oppe på gallerioftet medan borna hadde samling nede i kyrka.

#### NYE TILTAK I 2017

I 2017 fekk også borna i Ulsteinvik skulekrins sin eigen potethage! I prestegardshagen vi sett opp 5 pallekarmar, og det vart ei god avling for dei 33 sjuåringane som var med på trusopplæringstiltaka «Skapt» og «Nytt liv». Prestehagen var ein flott plass å ha dette oppleget. Borna koste seg, og vi trur og håper at dei har lært noko. Desse tiltaka finn stad i kvar skulekrins. I 2017 var borna frå Ulstein skulekrins med på opplegget i sentrumskrinsen, sidan dei var så få.

Avslutningen var på hausttakkefesten, der borna vart inviterte i lag med korklubben og søndagsskulen. Vi hadde også i år ein fantastisk kyrkjekaffi i godt vær, der vi delte frukt og grønsaker. I tillegg hadde vi ulike aktivitetspostar for dei som ville det, mellom anna eit populært kjempedomino-spel laga av plankerestane frå golvlegginga på kyrkjeloftet!

#### LA TING «FESTE» SEG

Det er viktig å innarbeide dei tiltaka vi har sett i gong, justere litt og få dei solide. Men sjølv om vi har gode opplegg er vi ikkje sikra at det kjem born. Opplegget «**Kode B**» for 10-åringane tysdagen i haustferien måtte avlysts grunna for få påmeldde. Det vart invitert til ny samling seinare, og då deltok 26 10-åringar. Erfaringa er at vi flytter dette tiltaket bort frå haustferieveka. Slike erfaringar og justeringar må vi gjere kontinuerleg.

På tiltaket «**Tårnagent**» for åtteåringane fekk vi eit godt samarbeid med Hødd FFO om henting av born frå

skulekrinsane, dette var til stor hjelp. Vi fekk også hjelp av vår nåverande kontorsekretær Bente Andreassen Pilskog, då vi fekk vite at våre hemmelege gjestar måtte på utrykking. Då kasta ho seg rundt og spelte ein herleg detektivrolle! Når det er så mange som 51 deltakande born er det godt at fleire i staben kan trå til og hjelpe der det trengs. Tiltaket «LysVaken» for 11-åringar falt på same dag som opninga av Ulstein Arena, og etter å ha overnattat i kyrkja fekk vi starte søndagen med eit herleg morgenbad i det splitter nye bassenget. Det var kjekt, og så kom vi alle til kyrkja og tok del i gudstenesta reine og motiverte.

#### VI HELD FRAM MED TENESTEOPPGÅVER

Eit mål for konfirmantundervisninga er at konfirmantane skal vere ein aktiv del av kyrkjelyden. Tenesteoppgåvene der konfirmantane får praktiske oppgåver i ulike trusopplæringstiltak er ein suksess. Dei gjer ein kjempebra jobb, opplever god meistring, og innsatsen deira er gull verdt for arrangementa. Vi arbeider med å få ein fastare form på organiseringa av tenesteoppgåvene for konfirmantane. Vi håper også at dette kan motivere dei til å melde seg på MILK (Minilederkurs).



#### FRÅ KVARDAGSLEIR TIL UNGDOMSGUDSTENESTE

Både i 2016 og 2017 fekk Ulstein sokn midlar frå Den norske kyrkja sentralt til å utvikle to nye trusopplæringskonsept:

1. Camp Reunion – målet var å samle ungdom etter konfirmasjonen igjen til ein overnattingstur med fokus på misjon.



2. Kvardagsleir – å leve saman i kvardagen som på leir med felles overnatting, felles middag, andakt, samtaler og song, men med vanleg skulegang og deltaking i fritidsaktivitetar.

Begge konsepta hadde leir som utgangspunkt, fordi leir for dei fleste konfirmantar er eit godt minne frå konfirmanttida. Ingen av konsepta har slått an på ein slik måte at vi vil jobbe langsiktig med dette. Likevel har fellesskapstanken utvikla seg vidare, og ungdomsgudstenestane DRYPP har etablert seg som eit fast tilbod med om lag 60 deltagarar.

#### EIN FELLESSKAP RUNDT MIDDAGSBORDET

«Endeleg torsdag» er eit tilbod der vi vil kombinere ein enkel middag med fellesskap og aktivitetstilbod for barn. Helst ville vi ønskje at dette kunne skje i sentrum, men i mangel på eigna lokale i sentrum har dette blitt arrangert på Sunnmøre folkehøgskule 6 gongar i 2017. Til saman blei det servert middag til 640 personar - 355 vaksne og 285 born. Siste gongen med juleverkstad for born og ungdom. Undervisningsutvalet kom med idéen og har hatt hovudansvaret. Ein stor takk til Sunnmøre folkehøgskule for godt samarbeid og eit unikt tilbod.

#### 7.2 UNDERSVINSUTVALET

Medlemar: Birgit Kjos Lynge, Kristin Aamodt Støylen, Liv Astrid Langnes, Knut Einar Tokheim (sokneråd), Bjørn Losvik (kateket) og Wendi Stråbø (trusopplærar). Undervisningsutvalet har hatt 6 møter i 2016 med følgjande hovudtema:

- Ferdigstilling av trusopplæringsplanen, som vart godkjend 16. mai 2017.
- Fellesskap, læring, gudsteneste og tilhøyre. Dette temaet vart hovudtema for strategimøtet januar 2017 for sokneråd, utval og stab.
- Sidan vi ikkje har eit opplegg for 4. klasse, er vi i gong med å arbeide fram eit tiltak.
- Kyrkjelydstur.
- Spisebrikka – gav til 1-åringane - er ferdig til bruk. Denne er teikna av Bente Andreassen Pilskog og dottera hennar.

#### 7.3 KONFIRMANTAR

Konfirmanteleir er eitt av hovedelementa i konfirmantåret, og mykje viktig undervisning og relasjonsbygging er lagt inn i leirane. Her kombinerer



vi undervisning ute og inne med uteaktivitetar i flott natur, både på sommarleir og på vinterleir. Viktig er også ungdomsleiarane som er med. Det er ein viktig del av Ulstein kyrkje sitt leiartreningsprogram, som også inkluderer MILK (minileiarkurs). Biletet er henta frå turdag på konfirmanteleir i juni 2017, på Orreneset misjonssenter i Sykkylven.

I fylgje «Plan for trusopplæring - Gud gir, vi deler» skal konfirmanttida innehale 60 timer med aktivitetar: Undervisning, gudsteneste og sosiale samlingar. I Ulstein sokn vert dette gjennomført slik:

- Undervisningssamlingar i kyrkja og på Fredheim (to store samlingar i haustsemesteret, knytt til presentasjonsgudsteneste i november og lysmesse i desember),
- Gudstenestedeltaking. I tillegg til gudstenester som alle konfirmantane skal møte på, vel dei i tillegg nokre gudstenester sjølv. Dei vert oppmoda om å delta i ei gudsteneste i anna kristent trussamfunn, for å erfare kva som er likt og kva som er annleis samanlikna med gudstenester i Den norske kyrkja. Dei vert også oppmoda om å delta på Drypp, som er gudstenester i Ulstein kyrkje av og for ungdom.
- Konfirmanteleir. Ein god del av undervisninga er lagt til konfirmanteleiren, som varer i fem dagar (fire overnattingar). Her har vi også eit sosialt fokus. Tilsette og mange frivillige ungdomsleiarar gjer ein stor innsats for at konfirmanteleiran skal bli gode lærermessige og sosiale arenaer.
- Tenesteoppgåver. Alle konfirmantane skal gjennomføre eit tiltak retta mot ei anna aldersgruppe i kyrkjelyden; born, ungdom, vaksne eller eldre. Slik får konfirmantane erfare at dei er del av ein større heilskap, og at det er mange aktivitetar i kyrkja og i regi av kyrkjelyden

gjennom heile veka og heile året.

- Fasteaksjonen. Konfirmantane deltek i det viktige arbeidet til Kirkens Nødhjelp. I forkant av fasteaksjonen lærer dei om det dobbelte kjærleksboden, Den gylne regelen, det kristne forvaltaransvaret og internasjonal diakoni.



#### 7.4 TORSDAGSKVELDAR PÅ FREDHEIM

Torsdagsmøta på Fredheim er eit samarbeid mellom Ulstein sokn, Ulstein KFUK-KFUM og Ulstein NMS. I 2017 var desse i komitéen: Sama Haify for Ulstein NMS, Ingrid Nerhoel for Ulstein KFUK-KFUM, Bjørn Losvik for Ulstein sokn.

#### ARBEID GJENNOM ÅRET

Tema for torsdagskveldane i 2017 var dominert av 500-årsjubileet for Den Lutherske reformasjonen. I løpet av året vart det arrangert 13 Torsdagskveldar på Fredheim, 7 i vårsemesteret og 6 i haustsemesteret. Av desse 13 var 9 direkte relatert til reformasjonsjubileet.

#### VÅRSEMESTERET

19. jan: Håp v/ Odd Eidner. Ansvar: Ulstein NMS.  
Oppmøte: 114.

09. febr: Den lutherske reformasjonen: Kva skjedde? Historisk riss. Ved Anders Aschim.

Oppmøte: 39.

02. mars: Mennesket er ikkje til sals. Ved Tormod Kleiven. Oppmøte: 35.

29. mars: Ein gud for dei mange. Ved Helge Simmonnes.  
Oppmøte: 65.

06. april: Påskekonsert med Gospelkoret.

Oppmøte: 210.

20. april: Jan Ove Kleppe og Trond Berg fortel frå sitt besøk på Madagaskar, og om NMS sitt arbeid der.

Oppmøte: 43.

11. mai: Besøk av nonnene i klosteret i Valldal.

Tema: Bøn og andeleg liv.

Oppmøte: 44.

#### HAUSTSEMESTERET:

31. aug: Reformasjon og misjon. Ved Ole Kristian With Due. Oppmøte: 22.

21. sept: Kvinnene i reformasjonen og den Haugianske bevegelsen på Sunnmøre.

Ved Ruth-Wenche Hebnes Vinje.

Oppmøte: 23.

05. okt: Nåden i eit nå delaust samfunn. Ved Jan Inge Sørbø og Tor-Johan Ekeland.

Oppmøte: 105.

26. okt: Luther-salmar i ny tonedrakt. Ved Magnus Moxnes Myhre med fleire.

Oppmøte: 65

09. nov: Skaparverket er ikkje til sals. Ved Ståle Aklestad og Marit Aklestad.

Oppmøte: 22.

23. nov: Eit kors å bere? Luther og feministisk teologi.

Ved Birgitte Lerheim.

Oppmøte: 25.

#### ØKONOMI

Tiltaket har litt midlar på budsjettet til Ulstein sokn. Annonsar blir betalt av Ulstein sokn, eller Ulstein NMS dei kveldane dei har ansvar for gjennomføring. Kollekt frå møta går til å delvis dekke annonsekostnader. Programmet for haustsemesteret 2017 vart registrert som kurs i Kristelig Studieforbund (K-stud), noko som gav litt økonomisk støtte.

#### UTFORDRINGAR FRAMOVER

Dei siste par åra har tilsette frå Ulstein sokn i stor grad



teke over planlegging av semesterprogramma og delvis gjennomføring av kveldane, sjølv om det framleis er slik at fleire frivillige bidreg til gjennomføring av møta. Tida er moden for at Ulstein KFUK-KFUM, Ulstein NMS og Ulstein sokn evaluerer samarbeidsmodellen og korleis den skal fungere i framtida.

## 7.5 SAMARBEID MED SKULAR OG BARNEHAGAR

### SKULEFRAMSYNINGAR OM REFORMASJONEN

Ei veke i oktober vart sett av til 15 skuleframsyningar om reformasjonen med utgangspunkt i Martin Luther sine teser mot avlatshandel, riksdagen i Worms og omsetjingsarbeidet på borga Wartburg. Lutherspelet fann stad i Ulstein kyrkje, og dei fleste skuleklassane frå 6. til 10. klasse fekk på denne måten lære om Martin Luther og reformasjonen som ei viktig hending i historia for både samfunnet og kyrkja. Her fekk dei tilsette i Ulstein sokn prøve seg, bokstavleg tala, i uvande roller. Seks av dei tilsette var involvert som skodespelarar i dramastykket. I tillegg sto soknepresten for ein refleksjon i etterkant av kvar framsyning, der ho drog reformasjonen inn i vår samtid. Også verdifulle gjenstandar i Ulstein kyrkje frå tida før reformasjonen vart tatt fram under spelet. Framsyningane vart tatt veldig godt imot, og fleire kom med ynskje om at framsyninga skulle visast for



fleire enn skuleeleverane. Det vart derfor sett opp ei opa framsyning i kyrkja 11. januar 2018. Kateket Bjørn Losvik skreiv manuset til Lutherspelet. Vi vil rette ein særskild takk til Dagfinn Olav Bye som var ei viktig inspirator i arbeid med regi og dramaturgi.

### PÅSKEVANDRINGAR OG JULEVANDRINGAR

Eit par veker før påske vart alle barnehagane i Ulstein kommune, saman med 2. trinn på barneskulen, invitert til påskevandring i kyrkja. Her fekk borna lære gjennom å vere delaktige. Vi vandra i lag frå stasjon til stasjon inne i kyrkjerommet, som var midlertidig gjort om til «Jerusalem». I vandringa fekk borna med seg palmar til palmesøndag, myntar til tempellassen, og dei fekk høyre historia om den første nattverden, arrestasjon, krossfesting og oppstode. Dette er ein fin måte å lære om bakgrunnen for den kristne påskefeiringa, og korleis den framleis er ein viktig del av det norske samfunnet i dag.

I desember vart alle barnehagar og skular i Ulstein kommune inviterte til gudsteneste i kyrkja. Vi opplever at dette er ein fin og god tradisjon som barnehagane og skulane set stor pris på. For oss er det viktig å involvere elevar og barnehageborn i gjennomføringa av gudstenestene, og vi har funne samarbeidsmodellar som fungerer godt både mot barnehagar, barneskulan og ungdomsskulen.

## 8 KYRKJEMUSIKK – SAMAN TIL GUDS ÆRE OG GLEDE FOR KVARANDRE

Musikk i kyrkja engasjerer breidt. Meir enn 3000 besøkjande kom på konserter som vart arrangert i kyrkja i løpet av 2017. 445 frivillige aktørar har vore med å bidra musikalsk gjennom kor, band eller med soloinstrument, både i gudsteneste og på konsert. Samspelet mellom musikken, bodskapen og kyrkjeromet opnar for opplevingar mange sett pris på.

### 8.1 KYRKJEMUSIKKUTVAL

Medlemar i kyrkjemusikkutval: Øyvin Sønnesyn, Susanne Gamlem, Jan Thormodsæter og Ståle Helvig

Kyrkjemusikkutvalet har hatt 3 møter (inklusive planlegging julenattinè). Den musikalske aktiviteten har vore stor og mangfoldig. Arbeidet med julenattinè har utgjort mykje av arbeidet i utvalet.

### SONG/MUSIKK/KULTURARRANGEMENT I ULSTEIN KYRKJE 2017

12.02	Musikkandakt i kyrkja	Lovsongskveld. Gospelkoret, lovesongsgruppe m.fl.
12.03	Konsert kyrkja	Solveig Leithaug
02.04	Konsert kyrkja	Blandakoret «Fasong»
06.04	Konsert i kyrkja	Gospelkoret
12.04	Konsert kyrkja	Orgelkonsert v/Ståle Helvig
07.06	Konsert kyrkja	Mannskor konsert
10.06	Konsert i kyrkja	Stig Ulv
30.07	Konsert i kyrkja	SKRUK
15.09	Konsert kyrkja	Maria Arredondo/Gospelkoret
30.09	Konsert i kyrkja	Gospelkoret/Sola Fide
23-26.10	Skuleframsyningar	Lutherspelet
26.10	Konsert i kyrkja	Luthersalmer i ny tonedrakt Magnus Moxnes Myhre m.fl.
05.11	Konsert kyrkja	Jazz og Koral/CorSonus
11.11	Konsert i kyrkja	Ulf/HDU
28.11	Konsert kyrkja	Stille natt
30.11	Konsert kyrkja	Ulstein kulturskule
01.12	Konsert i kyrkja	Mosaic
07.12	Konsert i kyrkja	Bror Magnus Tødenes
11.12	Konsert i kyrkja	Beate Lech/Tolvetteten
17.12	Konsert kyrkja	«Vi syng jula inn»
22.12	Konsertar kyrkja	Julenattine 2017



KORDELTAKING/SOLOSONG/EKSTRA INSTRUMENTAL I GUDSTENESTE	
Ulstein Tween Sing	6 gudstenester
Korklubben	6 gudstenester
Ulstein Ten Sing	2 gudstenester
Gospelkoret K/M	2 gudsteneste
Solosong	17 gudstenester
Forsongagrupper born/unge	4 gudstenester
Ekstra instrumental/band	16 gudstenester
Korinnslag frå skule til skulegudstenester	2 gudstenester
Korinnslag barnehage til barnehagegudstenester	3 gudstenester
Tårnagentkor	1 gudsteneste
Påskekor	3 gudstenester
Con Moto	2 gudsteneste
Hemingen	1 gudsteneste
Ulstein Mannskor	4 gudsteneste
SUFH-gruppe med band	1 gudsteneste
Lakris	1 gudsteneste
NMS Familiekor	1 gudsteneste
Fjøresteinane	2 gudstenester
Eritreisk gruppe	1 gudsteneste


## 8.1 KORER



### 8.2 KORARBEID

#### AKTIVITETAR KORKLUBBEN OG ULSTEIN TWEEN SING (UTDRAG FRÅ ÅRSMELDINGA TIL KORA):

29. januar	Tårnagent gudsteneste i UK	Tween Sing
12. februar	Gudsteneste i UK (avslutningsgudsteneste dåpsskulen)	Korklubben
2. mars	Song på Alvehaugen	Korklubben
18. mars	Seminar med Kari Aske Osnes/Lakris	Korklubben
19.mars	Gudsteneste i UK	Korklubben
25. mars	Seminar på SUFH saman med Ten Sing	Tween Sing
26. mars	Gudsteneste UK, saman med Ten sing	Tween Sing
31. mars/1. april	Sosialtur/øving/overnattning på gamle Eiksund-skulen	Tween Sing
17. mai	Gudsteneste i UK	Korklubben
20. mai	«Superlaurdag» øving/konsert med Silje Sirnes Winje og Maria Solheim på Sjøborg	Begge kora
21. mai	Gudsteneste UK	Tween Sing
2. september	Ulsteinmessa	Begge kora
24. September	Gudsteneste i UK	Tween Sing
1. oktober	Hausttakkefest Uk	Korklubben
25. oktober	Fellesøving med Ten Sing	Tween Sing
31. oktober	Reformasjonsgudsteneste UK	Alle kora
18. november	Fredheimbasaren	Korklubben
20. november	Årsmøte for kora	Begge kora
3. desember	Lys-våken gudsteneste i UK	Tween Sing
24. desember	Gudsteneste UK kl. 14.30	Korklubben



### 8.3 ØKONOMI

Utleige av kyrka til konsertar i 2017 har vore på det jamne. Dette har gitt viktig inntening til naudsynt vedlikehald av kyrkjebygget. Konsertar som Ulstein sokn er arrangør for er budsjettet inn i soknet sitt budsjett. Godt besøk på Bror Magnus Tødenes konserten gav ei god inntening til soknet sitt arbeid.

Overskotet frå Julenattine 2017 vart på kr. 37 464. Heile overskotet gjekk til Ulstein nye kyrkje. Saman med overskotet frå nokre andre konsertar vart det overført kr. 50 000 til Ulstein nye kyrkje.

### 8.4 VURDERING AV ARBEIDET

Barnekora er viktige tilbod i soknet. Både miljøet, formidlinga, musikken og tilknytinga til gudstenestelivet er ein stor verdi for deltakarane, familiene deira og kyrkjelyden.

Ulstein sokn har ansvar for 2 kortilbod: Korklubben (28 medlemmer) og Ulstein Tween sing (17 medlemmer).

18. mars hadde Korklubben songseminar med Kari Aske Osnes og Lakris. Dei øvde inn eit flott songrepertoar med Korklubben. Desse songane framførte Korklubben og Lakris på gudstenesta den påfylgjande søndagen.

Ulstein Tween Sing hadde overnattingstur til Eiksund gamle skule 31. mars til 1. april. På programmet stod leik, mat, sosialt samvær, korøving og andakt. Eit viktig arrangement for samhaldet i koret. Laurdag 20. mai hadde artistane Silje Sirnes Winje og Maria Solheim korseminar og konsert med Korklubben og Tween Sing. Dei øvde inn songar frå ei ny plate som Silje og Maria ga ut same år. Desse songane og nokre særnummer vart framført på konsert/barneførestilling på Sjøborg Kulturhus same dag. Etter konserten var korsongarane samla til «bankett» på Ulsteinvik bedehus, med mat, lett program og markering av semesteravslutning.

Prosjektkor. Det er også dette året blitt etablert kor i høve festgudstenestene i påska. Koret song på gudstenestene langfredag, påskennatt og 1. påskedag. Prosjektkoret til juledagsgudstenesta måtte gå ut p.g.a. sjukdom. Det har vore god oppslutning om prosjektkora, utan signal frå desse songarane om ynskje om fast gudstenestekorverksem. Kyrkjekoret i Ulstein sokn er difor framleis «i dvale».

### KONSERTVERKSEMD I EIGEN REGI

Det er etter kvart etablert nokre «faste årlege

konsertar» i Ulstein kyrkje: Orgelkonserten onsdag i den «stille veka», Ulstein Mannskor sin konsert under «Smak av Ulstein», «Jazz og Koral» Allehelgensdag, kulturskulekonserten i adventstida, «Vi syng jula inn» 3. søndag i advent, og Julenattine 22. desember. Vi merkar god oppslutning om desse konsertane.

Mykje av møteverksemda for kyrkjemusikkutvalet har gått til planlegging av Julenattine 2017. I år var det tjuande året julenattineen vart gjennomført. Også dette året klarte utvalet å vise mykje av breidda i musikklivet i Ulstein. Fire nye solistar tok del. Orkesteret bestod av 10 musikarar, derav 1 ny på fiolin.

### MUSIKK I GUDSTENESTENE

Mykje av det musikalske engasjementet i kyrkja også dette året er kanalisiert gjennom gudstenestene. Dette viser igjen i talet på musikkdeltaking. Dette er i tråd med intensjonen i gudstenestereforma. Det er viktig at musikalsk mangfold får utfalte seg i gudstenestene.

### NYTT KYRKJESPEL

I tilknyting til historia til Ulstein som kyrkjested har det vore jobba med å utvikle eit kyrkjespel ei stund. For å realisere kyrkjespelen har kyrkjemusikkutvalet, Dagfinn Olav Bye (regissør), Jan Ove Ulstein (forfattar), Leif Ringstad og Christfried Kaul arbeidd vidare med saka.

Arbeidet med nytt kyrkjespel har kome betrakteleg lengre, og vi har no eit manuskript. Spelet er tablåmessig utforma, og ber preg av å vere eit syngespel. Neste steg i prosessen er nå å få komponert musikken. Gruppa er i kontakt med Henning Sommerro for ferdigkomponering. Kyrkjespelgruppa har som intensjon å få inn eksterne midlar for å dekke kostnadane til dette.

### 8.5 UTFORDRINGAR FRAMOVER

Det ligg mange utfordringar i «Plan for kyrkjemusikk og kultur» for Ulstein sokn. Desse dannar grunnlag for hovudsatsingar vidare. Her kan nemnast:

- Gje rom for dei ordlause kulturtrykka i gudstenesta.
- Gje gode kortilbod i alle stilartar, og for alle aldrar.
- Lokal framføring av eit stort, klassisk kyrkjemusikalsk korverk i Ulstein kyrkje.
- Samarbeid kyrkje-skule om gudsteneste og kyrkjemusikk.
- Samarbeid for å kunne ta økonomisk risiko for attraktiv konsertverksem.

## 9 MISJON – SAMAN OM Å DELE EVANGELIET

Ulstein sokn har fornya sin misjonsavtale med NMS med fokus på Midtausten. Den viktigaste satsinga kristne TV-program på Sat7. SAT7 har 25 mill. sjårarar i den arabiske verda. Mange flokkar seg rundt TV-en og der er nærmast ein kristen TV-kyrkjelyd.

<http://sat7.org/our-channels/channel-overview/sat-7-kids>.

Andre satsingsområde i Midtausten er:

- Styrke kvinnernas rettar
- Sal av Biblar

Ulstein Sokn har sett eit innsamlingsmål på kr. 50 000. Alt av kyrkjeofring, gjevarteneste, private gaver gitt av folk i Ulstein sokn telle med.

Det er eit sterkt NMS- engasjement i kyrkjelyden, det er mange tilsette med NMS- identitet og aktive NMS-grupper i soknet. Gjennom leirleiarsamarbeid med NMSU sitt leifarbeid har mange ungdomar ein identitet til NMS sitt arbeid.

På konfirmantleir er det alltid ein misjonstime.

I 2017 har NMSU arrangert både påskeverkstad og juleverkstad for barn i kyrkja. Mange born møtte opp, laga fin pynt og fekk høre om misjonsarbeidet.

## 10 BARN OG UNGE – SAMAN FOR EIN TRYGG OPPVEKST

### 10.1 SAMARBEID MED BARNE- OG UNGDOMSORGANISASJONANE

Det er eit stort engasjement for å skape tilbod der barn og unge får ta del i kristen barne- og ungdomsarbeid. Mykje av denne aktiviteten er i regi av kristne barne- og ungdomsorganisasjonar med mange frivillige som er involvert. Det er eit godt samarbeid mellom organisasjonane og Ulstein sokn og dette barne- og ungdomsarbeidet er ein viktig del av Ulstein sokn sitt kyrkjelydsliv.

Semesterplaner blir avstemt med kvarandre for å bygge kyrkjelydsfellesskapet i lag. Følgjande organisasjonar har Ulstein sokn eit regelmessig samarbeid med:

Ulstein KFUK-KFUM	Leiar: Jan Einar Roos
Ulstein KM speidarar	Leiar: Birgitte Øvrelied
KRIK Ulstein	Leiar: Vegard Aksnes
NMSU	Kontakt: Bjørg Myhre
Ulsteinvik søndagsskule	Leiar Christfried Kaul
Hasund søndagsskule	Leiar Margit Aarland
Sunnmøre folkehøgskule	Rektor: Arnt O Grimstad

### 10.2 ULSTEIN TEN SING

Ansvarleg voksenleiar:

Beate Mjøen Berg

Voksenleiarar: Ruben Voldsund, Reem Kidane, Andreas Halle. Øyvind Hov, vår -17

Leiar i styret: Ragnhild Blindheim


### VÅREN 2017

Ragnhild Blindheim, leiar  
Marie Blindheim, dirigent  
Ole Kristian Korsfur Voksø, teknikk  
Johannes Kristiansen, bandleiar  
Irmelin Dalbakken, nestleiar  
Andreas Sæbø  
Mathea Hoddevik Kobbenes  
Vara: Silje Håheim

### HAUSTEN 2017

Ragnhild Blindheim, leiar  
Marie Blindheim, dirigent  
Johannes Kristiansen, bandleiar  
Ole Kristian Korsfur Voksø, teknikk  
Irmelin Dalbakken, nestleiar  
Iver Fiskaa Ødegård  
Eivind August Roos  
Øystein Grimstad Thormodsæter  
Vara: Johanne Helvig

Talet på medlemmar: 42



## OMTALE AV AKTIVITETAR, TILTAK SOM EININGA HAR HATT I 2017

### VÅREN

- 18 øvingar
- Fem kveldar med GRUPPE (Drama, mat, film og kreativ)
- Fem avslutningar i kyrkja (andakt)
- Fire Drypp, ungdomsgudsteneste/derav 1 Gospelnight-DRYPP
- Fire FREDAG-FREDAG
- Grillkveld «heime hos».
- Vinter treff på Hareid
- Song på ein vanleg gudsteneste i kyrkja
- Eldreomsorgen (nokre sosialkveldar for dei eldste i tensing)

### HAUSTEN

- 13 øvingar
- Vi har hatt 4 gongar Gruppe, - av type gruppe har vi: drama, mat, film, kreativ
- Fire gongar «avslutning i kyrkja»
- Ulsteinmessa
- Gospelnight
- Tre DRYPP ungdomsgudsteneste:  
Derav ein i samarbeid med ALIVE-festivalen og ein GOSPELDRYPP (gospelnight med fem inviterte kor)
- Bandet i Tensing og nokre forsongarar spelte på konfirmantpresentasjonsgudsteneste
- Song på Reformasjonsjubileet
- Krafttaket, Konkurranse i Tussa, vi song for bebruarane på Alvehaugen og Holsekerdalen.
- Loddsalg (Billotteriet, en kveld)

- Ansvar for kafè på Fredheimsbasar
- Juleball
- To gongar, synge i kyrkja på gudsteneste

### TENSINGSEMINAR

Disse var på Tensing-seminar (TSS) sommaren 2017: Marie Blindheim- musikalsk leiing, Ragnhild Blindheim- styrearbeid og leiing, Eivind August Roos- film, Mathea Hoddevik Kobbenes- teknikk, Silje Håheim- tangent.

Dei betalte ein eigenandel, og fekk resten dekka av Ulstein KFUK-KFUM, Ulstein sokn og Ulstein Tensing.

### TANKAR OM ARBEIDET

Talet på medlemmar er ganske likt dei siste åra, ikkje så mange nye ungdomskulelevar, men nokre. Det er godt miljø på Tensing, og mange av dei eldste har ansvar for ulike ting som direksjon, band, gruppeleiarar ol. På øvingane er det forelda til medlemmane som kjem med mat, med unntak av når det er gruppe. Då lagar matgruppa mat til heile gjengen.

Vi har «Eldreomsorgen», som er ein sosial kveld for dei som går på vidaregåande. Vi har også ansvar for å være med å lage DRYPP. Det er ungdomsgudstenester som er på kveldstid, spesielt for aldersgruppa 13-30 år. I tillegg har vi FREDAG-FREDAG som er ope for alle. Her er det sosialt med bl.a. spel og kiosk.



# 11 BYGGE FELLESSKAP GJENNOM FRIVILLIG ENGASJEMENT



For ei folkekyrkje med 6500 medlemar er det heilt avgjerande at det finst fleire mindre fellesskap for kyrkjelydsliv, der ein kan samlast. Å kunne bidra med noko til kyrkjelydslivet er for mange ei viktig side av å høre til i den lokale kyrkjelyden. I Ulstein sokn er vi velsigna med eit stort engasjement og mange frivillige.

## NOKRE EKSEMPEL

- Rigge og setje opp lydanlegg og sørge for god lyd under ungdomsgudstenester.
- Bidra med musikk- eller solistinnslag på gudstenester.
- Arrangere bilmesse til inntekt for Ulstein nye kyrkje.
- Delta i regelmessig bønegruppe i kyrkjelyden.
- Leie prosesjonen som kyrkjesvale på gudsteneste.
- Vere nattevakt på trusopplæringsarrangement.
- Bake kake og ordne til kyrkjekaffi.
- Hekle og donere ein dåpskjole slik også dei som ikkje har sjølv kan bruke ein dåpskjole.
- Ta i mot barn og vaksne i Bygkeklossen open barnehage.

## TIL SAMAN HAR OVER 600 FRIVILLIGE VORE AKTIV I SMÅ ELLER STORE OPPGÄVER I 2017

Planlegging og gjennomføring av gudstenester	140
Barnearbeid / trusopplæringstiltak (0-12 år)	223
Ungdomsarbeid / trusopplæringstiltak (13 år og over)	177
Diakoniarbeid	50
Kultur- og konsertrangement	445
Komite- og arbeid i utval	31

# 12 TILSETTE

## PRESTAR I ULSTEIN SOKN

Sokneprest	Margit Lovise Holte	100%
Kapellan	Jørgen Skogestad Kleiven	100%

## FASTE TILSETTE I ULSTEIN KYRKJELEGE FELLESRÅD

Kyrkjeverje	Christfried Kaul	100%
Kontorsekretær	Bente Andreassen Pilskog	80% (til og med november 2017)
	Johanne Krogstadmo	80% (frå november 2017)
Kyrkjetenar/k.gard.	Jan Erling Davidsen	100%
Kyrkjegårdssarbeidar	Sarunas Simanavicius	50%
Kantor	Ståle Helvig	100%
Diakon	Ranveig Kaldhol	100%
Kateket	Bjørn Losvik	100% (20% permisjon 2017)
Trusopplærar	Wendi Stråbø	100%
Pedagogisk leiar barnehage / barne- og ungdomsekretær	Beate Mjøen Berg	90%
Assistent barnehage	Nicoleta Munteanu	30%
Assistent barnehage	Greta Håkonsholm	20%
Klokkar	Inge Kaldhol	timebasert%
Reinhaldar	Sellathamby Vamathevan	31,6%
Prosjektstilling / ungdomsarbeidar	Ruben Voldsund	10%

I tillegg er det nytta vikarar for organist, kyrkjetenar og klokkar ved enkelte høve. På kyrkjegarden har sommarhjelparar vore ein viktig ressurs for å rekke over alle oppgåvene i vekstsesongen.

## VURDERING

Det er eit inspirerande arbeidsfellesskap i Ulstein sokn. Det er eit godt klima for å utvikle og gjennomføre nye aktivitetar og tiltak som team. I 2017 opplevde vi dette særleg ved dramatiseringa av reformasjonen som ei framsyning for skulane i Ulstein kommune. Dette gav oss eit løft som arbeidsfellesskap.

Vi har tilsett Johanne Krogstadmo som ny sekretær i 2017. Elles har staben vore stabil med få utskiftingar i dei siste åra.

Dei administrative oppgåvene har vaksen gjennom at det har blitt tilsett både trusopplærar (2014) og kapellan (2016) og med planarbeid og innsamlingsarbeid for Ulstein nye kyrkje.

Sjølv om det er god kjønnsbalanse i staben, har vi

framleis kvinner som jobbar deltid med ynskje om heil stilling. Saman med behovet for å utvide dei administrative ressursane, er dette ei utfordring ein ønskjer å ta tak i.





## 13+ PRESTETENESTA



Å vere prest i Ulstein er ei gave og eit kall. Her er folk med tradisjonar og kristen tru som har forankra livet og inspirert til fellesskap og skaperkraft i generasjonar. Trusfortellignar og livsfortellingar som vi møter i livet sine store merkedagar og i dei fortrulege rom fortel om at vi saman lever i tru, håp og kjærleik. Tidene har dei siste åra har vore utfordrande med omstilling og endringar i arbeidslivet. Her er stor materiell velstand som også skaper skilnader mellom folk. Vi lever i eit tid med stadig meir polarisering i ordskifte og avstand mellom menneske som skaper einsemd. Kyrkja vil vere eit truverdig reisefylge i glede og sorg som bær dei evige orda om fellesskap, nåde, forsoning, kjærleik og håp. Under alle forhold blir menneske møtt av Gud som ser og som elskar oss.

Gud har ei kjæreikshistorie gående med verda – og vi skriv våre kaptilar inn i den historia no i vår

tid gjennom kvardagen sine møter, og dei støre høgtidsdagane. Ofte kan kyrkja og vi sjå kvarandre mest i lys av syndefallet, altså kva som er gale og som burde vore forbetra og perfekt. Det er viktig å vere rkjennande og årlege, men det er avgjerande å også sjå kvarandre i lys av oppstoda. Framtida som er opna av den oppstandne Kristus gjev oss å sjå kvarandre i lys av oppstoda. Kva betyr det i våre liv? Det betyr mellom anna at vi er kalla til å høyre saman og inkludere kvarandre. Å bygge for framtida i tru, håp og kjærleik med toleranse for at vi er ulike.

Mange hadde uro for kyrkja sin posisjon i samfunnet etter at prestar ved årskiftet skifte arbeidgjevar og kyrkjemøtet formelt vart det øverste organet for kyrkja. Folkekirkja består i høgste velgåande og har levd sine verdiar vidare om å vere ei landsdekkande kyrkje for folk som vil tru, tilhøyre og lene seg til henne gjennom livet. Prestetenesta er dette medvite og søker etter korleis vi kan inkludere, romme og møte mennesker i alle generasjonar med Guds kjærleik og sjå kvarandre i lys av oppstoda. Saman kan vi skrive oss inn i Guds

kjærleikshistorie i verda. Guds kyrkje er ikkje ein vennegjeng eller eit ekslusivt fellesskap av mennesker som tenker likt. Guds kyrkje forplikta seg på å vere open mot alle mennesker og mot verda med Guds grenselause kjærleik.

Desse overordna orda viser att i kyrkjelege handlingar, gudsteneste, bibelgrupper, temamøter, babysong, ungdomsarbeidet, internasjonal kvinnegruppe, og i dei store prosjekta som arbeidet med å reise eit nytt kyrkjebygg der også Ulstein kan bruke mykje av den kunnskapen andre får del i som fysiske tilhøve no avgrensar oss frå. Kven her visste kva eit bibliotek kunne vere før vi fekk nye Ulstein bibliotek? Dei store orda er omsett i dagleg gjeremål i latter og gråt med trufaste steg til døypefont, altar eller grav. Med fjellsko på konfirmantleir, fotballsko på kunstgras og sandalar på Osnesanden.

2017 var jubileumsår for Reformasjonen ved Martin Luther som la grunnlaget for fornying av kyrkja med gode ringverknader for den vestlege kultur. Framveksten av skulevesen, demokrati, eit positivt samfunnssyn, prentekunsten og at tru skulle til folket i form av morsmål i Bibel og salmebok. Arven frå Luther har vi stolt feira, vel vitande om at ordet nåde er eit ord vi deler med våre kristne medsysken.

Å møte kvarandre med nåde. Ungdom seier dei ofte ikkje tør seie at dei trur på Gud av frykt for å bli latterleggjort. Mange opplever religiøs berøringsangst. Andre lid av for høge prestasjonkrav og krav om å vere vellukka. Vi vonar samfunnet opnar seg i toleranse også mot at tru og livssyn er ein verdi i livet som er viktig for menneskeverd, skaparkraft og fellesskap. Alle kan vi bære dei store orda vidare. Vi treng dei store orda å lene livet mot. Nåde, fellesskap, fred, forsoning, tilgjeving, glede, fellesskap, håp. Slik kan vi kan sjå kvarandre i lys av oppstoda, som syster og bror i verda, og saman skrive vidare på Guds kjærleikshistorie her i Ulstein.

Presterssurs i Ulstein er 1.8 stilling fordelt på Sokneprest Margit Lovise Holte i 100 % stilling og kapellan Jørgen Skogestad Kleiven i 100% stilling. I lag går vi i treledda tenesteturnus med sokneprest på Hareid Leidulv Ø. Grimstad. Eit presteskap fordelt på generasjonar og kjønn er ein rikdom for området og vi gler oss over stabilitet og godt samarbeid.

*Sokneprest Margit Lovise Holte*

## A MØTE MENNESKER

Det å være prest består av en allsidighet og bredde av arbeidsoppgaver. Det strekker seg fra å være litt barn(s)lige og ake i snøen sammen med konfirmanter på konfirmantleir, til det å ha en samtale med mennesker som har mistet noen som hadde stor betydning i deres liv. Men et fellestrek i alle våre oppgaver ligger det at vi møter mennesker – i sorgen, i gleden. I det alvorlige og i det lettfattelige og barn(s)lige.

Gjennom et år møter vi i presteskapet veldig mange mennesker. Bare gjennom en uke har vi møtepunkter med et hundretalls ulike enkeltmennesker. Noen av disse møtene handler om sorg, savn og livets tyngde. Noen av møtene handler om glede, lek, smil og fest. Og så er det noen av disse møtene som handler om sinne, uenighet og sår.

Vår jobb som prester består hovedsakelig av å møte mennesker på en kjærlig og evangelisk måte, og vi jobber for å møte enkeltmenneskets behov – enten om det er behovet for å gråte, behovet for å smile og glede seg, eller om det er behovet for å få ytret sin uenighet.

Presteskapet i Ulstein ønsker og jobber for at alle disse menneskene skal bli møtt på en respektfull og god måte hvor noe av deres behov blir møtt. Vi vil med dette si takk til alle de menneskene vi har fått møte i løpet av dette året, og takk til Ulstein sokn for at vi får være prester i en raus og varm kyrkjelyd.

*Kapellan Jørgen Skogestad Kleiven*





## 14+ BYGG OG ANNLEGG+



### 14.1 KYRKJEBYGGET

Ulstein kyrkje er ein sentral møtestad i lokalsamfunnet. Livets høgtider med glede og sorg blir feira i dette bygget, her er det rom for undring, for stille bøn, for begeistring og ettertanke. Ulstein kyrkje er også eit stemningsfullt og ettertrakta konsertlokale. Ulstein kyrkje ber med seg historia til mange generasjonar. Å sikre og halde vedlike dette bygget er ei sentral oppgåve for Ulstein sokn.

Vedlikehald av kyrkja er ein kontinuerleg prosess. I 2017 vart nedsig av galleriet reparert ved å sikre galleriet gjennom eit oppheng i takkonstruksjonen. Løysinga er prosjektert av firmaet ConPlan og utført av firma Dør og vindusvern AS. I denne samanheng har også loftet over kyrkjerommet fått ei etterisolering og eit grovgolv for betre høve til lagring av utstyr til bruk i kyrkja.

Det vart utarbeidd eit prospekt på vasking, maling og vedlikehald av bordkledning, vindu og takrenner. Eit

tilbod på gjennomføring/utføring av dette arbeidet går langt utover soknet sitt driftsbudsjet, og arbeidet må fordelast over fleire år.

Ved hjelp av tiltaksmidlar frå Ulstein Kommune vert den utvendige belysninga av kyrkja sett i stand igjen. På grunn av leveransevanskar vert arbeidet først avslutta i 2018.

I 2017 har det også blitt installert ny brannsentral i kyrkja.

Ulstein sokn er ein kyrkjelyd i vekst. Ved utgongen av 2017 var det 230 fleire medlemmar enn ved utgongen av 2012. Som einaste kyrkje i soknet er kyrkjebygget også 2 dagar i veka reservert til gravferd. Talet på gravferder vil stige i takt med medlemsveksten. Gjennom trusopplæringsreforma er det etablert nye aktivitetar som stiller andre krav til eit kyrkjebygg enn tidlegare. Hyppig rigging mellom arrangementa krev mykje tid og slit på interiøret.

Bygging av ei kyrkje som legg til rette for ulike

aktivitetar og som gir rom for større forsamlingar vil også vere positivt for Ulstein kyrkje, som framleis skal vere i aktiv bruk, men med mindre press på seg enn i dag.


### 14.2 KYRKJEGARDANE

På Ulstein gamle kyrkjested er det ein nedlagt kyrkjegard, der også nokre gamle gravminner står. Kyrkjegarden bak Ulstein kyrkje er også nedlagt, med mange gravminner frå den tida kyrkjegarden var i bruk. Vedlikehald av desse, saman med Osnes kyrkjegard, er Ulstein kyrkjeloge fellesråd si oppgåve.

Kyrkjegarden på Osnes vart tatt i bruk 1924, utvida i 1979, utvida i 2009 og vil i år 2026 ha så få ledige plassar igjen at ein vil bryte med kravet om ledige graver tilgjengeleg for 3% av befolkningstalet. Kyrkjeverja har utarbeidd ei analyse og skissert behovet for utviding og presentert denne for kommunestyret. Gjennom Ulstein kommune sitt arealplanarbeid skal ny utviding utgreia.

Mykje av maskinparken er utdatert og krevjande å halde ved like. Det er søkt om investeringsmidlar til ny gravemaskin, ny traktorklippar og ein del anna teknisk utstyr til arbeid på kyrkjegarden.

GRAVLAGD I 20-ÅRSPERIODE





#### 14.4 ULSTEIN NYE KYRKJE

Før sommaren 2017 la arkitektkontoret Snøhetta fram skisseprosjektet for Ulstein nye kyrkje på grunnlag av utkastet dei vant arkitektkonkurransen med. Planutval for nytt kyrkjebygg har hatt god kontakt med Snøhetta i denne prosessen og er svært nøgde med dei gode løysingane ein har kome fram til gjennom arbeidet.

Det har blitt brukt mykje tid for å sjå på kostnadene for bygging av Ulstein nye kyrkje gjennom heile prosessen. Løysingar som skal kunne vare eit langtidsperspektiv har vore viktige for eit bygg som skal stå i mange hundre år. Den spesielle arkitekturen kan undervegs by på utfordringar som kan påverke


kostnadene. Her har det vore viktig å ha store nok avsettingar til overskridinger som ein del av kostnadskalkylen.

Saman med skisseprosjektet blei det også lagt fram ein kostnadskalkyle for bygginga. Den er på kr. 103 mill. Ut frå kostnadskalkylen blir det utarbeidt ein finansieringsplan som har som mål at Ulstein sokn kan betjene eit lån sjølv dei første sju år av nedbetalingsperioden før kommunen tek over avdrag og renter. Å kvalitetssikre finansieringsplanen og forhandle fram ei avtale med kommunen er dei neste steg fram mot eit vedtak om bygging av Ulstein nye kyrkje.

## 15 ØKONOMI

### 15.1 SAMANDRAG REKNESKAP 2017 FOR ULSTEIN SOKN

	<b>Rekn 2017</b>	<b>Bud 2017</b>	<b>Rekn 2016</b>
<b>DRIFTSINNTEKTER:</b>			
<b>Salsinntekter</b>	<b>-839 446</b>	<b>-774 675</b>	<b>-683 304</b>
<b>Refusjonar</b>	<b>-3 595 179</b>	<b>-3 627 284</b>	<b>-3 523 155</b>
Tilskot frå staten (Møre B.råd)	-1 282 150	-1 360 000	-1 308 600
Tilskot frå kommunen	-4 889 054	-4 731 514	-4 894 772
Tilskot frå Uk til barnehagen	-1 015 000	-1 015 000	-940 000
Renter/avdrag UK	-863 853	0	-798 188
Tilskot frå kyrkjelag fellesråd	0	0	-6 255
Offer til eiga verksemد	-232 567	-207 600	-167 155
Offer anna verksemد	-184 458	-280 000	-276 921
Minnegåver	-13 275	-30 000	-31 102
Innsamla midlar andre (fasteaksjonen)	-90 667	-125 000	-129 911
Gåver eiga verksemد	-1 216 227	-27 000	-1 363 248
Gjevarteneste	-21 856	-15 003	-10 000
<b>Tilskot og gåver</b>	<b>-9 809 107</b>	<b>-7 791 117</b>	<b>-9 926 152</b>
<b>Finansutgifter</b>	<b>-518 025</b>	<b>-65 200</b>	<b>-695 638</b>
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-14 761 757</b>	<b>-12 258 276</b>	<b>-14 828 249</b>
<b>Driftsutgifter</b>			
<b>Lønn inkl sosiale utgifter</b>	<b>5 998 170</b>	<b>6 107 708</b>	<b>5 977 281</b>
<b>Kjøp av varer og tenester</b>	<b>1 821 736</b>	<b>1 841 708</b>	<b>1 901 089</b>
Refusjon til kommunen	228 000	0	253 393
Refusjon til andre	14 419	0	0
Interne overføringer	3 281 729	3 281 169	3 153 108
Overføring til staten	4 067	0	
Mva - generell momskomp. utg.	219 742	314 191	228 473
Overføring til andre	0	0	2 723
Overføring offer til anna verksemد	184 409	280 000	283 280
Overføring minnegåver	13 275	30 000	31 102
Overføring av innsamla midlar (fasteaksjonen)	90 667	125 000	129 911
Tilskot/gåver til andre	12 990	10 000	1 629
Tilskot til kurs og kr. verksemد	5 600	15 500	7 800
Tilskot til utstyr b/u-arbeid	0	3 000	0
<b>Overføringer</b>	<b>4 054 898</b>	<b>4 058 860</b>	<b>4 091 419</b>
Renteutgifter, lånekostnader	74 286	72 000	47 694
Avdragsutgifter	945 125	115 000	912 188
Kjøp av andelar	0	11 000	0
Dekn. av tidl. års underskot	0	0	0
Avsetjing til disp.fond	0	0	84 065
Avsetjing til bundne fond	1 259 850	52 000	1 349 761
Overføring til investeringsrekneskap	0	0	0
Avskrivningar	464 752		464 752
<b>Finansutgifter</b>	<b>2 744 013</b>	<b>250 000</b>	<b>2 858 460</b>
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>14 618 817</b>	<b>12 258 276</b>	<b>14 828 249</b>
<b>Rekneskapsmessig underskot/overskot</b>	<b>-142 940</b>	<b>0</b>	<b>0</b>



## 15.2 OFFER, KOLLEKT OG GAVER I 2017

Ulstein sokn samlar regelmessig inn kollekt på gudstenestene. Samanlikna med 2016 fekk vi i 2017 ein nedgang på kr. 33.000 på innsamla kollekt i gudsteneste trass i at vi tok i bruk Vipps som betalingsteneste i tillegg til innsamling av kontantar.

Det har vore ei auke i kollekt til eige arbeid og ein nedgang i kollekt for eksterne formål.


Konfirmantane er sentrale ved den årlege innsamlinga av fasteaksjonen til Kirkens nødhjelp sitt arbeid. Her er det samal inn mindre enn tidlegare år.

Ulstein sokn si gjevarteneste for å finansiere stillingar som jobbar med barn og ungdom har også minka dei siste åra.

Gjennom ei anonym formålsbunden gave kunne Ulstein sokn i 2017 gå til innkjøp av eit nattverdsett med kalk og fat til utdeling av nattverd på supplerande

utdelingsstad i kyrkja.

Den digitale betalingstenesta Vipps har vore i bruk i heile 2017, både til innsamling av offer og betaling på arrangement. Dette har gjort det lettare å betale eller gi pengar og er også praktisk i den administrative handteringa av økonomien.




### Oversikt over kollekt til eksterne formål

	<b>Totalt</b>
Barnevakten	6 582
Blå kors	3 912
Den norske Israelsmisjonen	5 694
NMS - Det norske misjonsselskapet	27 203
NMS v/Kjelsund Leirstad	9 225
KFUK/M speidarane Sunnmøre krins	983
KFUK/M Møre & Romsdals krins	6 221
KFUK/M speidarane i Ulstein	5 790
KFUK/M Ulstein	3 389
Kirkens nødhjelp (utanom fasteaksjonen)	33 892
Kirkens ressurscenter mot vold og overgrep	4 087
Kirkens SOS	5 447
KRIK lokalt	5 681
Menneskeverd	4 367
Misjonsalliansen	13 810
Norsk kristelig studieråd	2 629
Opne dører	1 637
Sjømannskirken	5 200
Stefanusalliansen	6 195
Sunnmøre folkehøgskule	3 947
Sunnmøre folkehøgskule solidaritetsprosjekt	2 165
Søndagsskulane i Ulsteinvik, Hasund og Dimna	6 568
Unicef (TV-aksjonen)	10 574
Ulstein Ten Sing	4 722
Y's men region Møre	4 448
<b>TOTALT</b>	<b>184 458</b>

## 15.3 KYRKJEBYGGARAR I VÅR TID

I 2016 vart det etablert ei gjevarteneste «Kyrkjebyggarar i vår tid» for gaver til Ulstein nye kyrkje. Meir enn 100 personar gir faste beløp kvar månad eller kvart år over eit tidsrom på 10 år.

Formålet med gjevartenesta er at soknet ynskjer å betjene finansieringa av ny kyrkje sjølv dei første sju åra etter byggstart slik at Ulstein nye kyrkje ikkje belastar investeringsbudsjett til Ulstein kommune før 2027.



Skisseprosjektet til Ulstein nye kyrkje har vekt stor entusiasme og kreativitet for å samle inn midlar også utanom den faste gjevartenesta. Gjennom kjelerulling og Ulsteinmessia er det skapt engasjement og inntekter til Ulstein nye kyrkje.

Gjennom gjevarteneste og aktivitetane har det bundne fondet til bygging av Ulstein nye kyrkje auka til kr. 2 609 611 per 31.12.2017.



## 16+ INFORMASJON OG KONTAKT

### 16.1 KYRKJESIDA I VIKEBLADET / VESTPOSTEN

Ulstein sokn har eit godt samarbeid med lokalavisa Vikebladet / Vestposten. Annankvar veke leverer vi omtalar og informasjon om kyrkja sitt arbeid til kyrkjessida i Vikebladet / Vestposten. For ei folkekyrkje med snart 6600 medlemmar i kommunen er dette ei verdifull ordning for å orientere lokalsamfunnet om kyrkja sin aktivitet og arbeid.

### 16.2 HEIMESIDER OG SOSIALE MEDIA

Meir og meir av informasjonsflyten skjer gjennom digitale informasjonskanalar og sosiale media. I løpet av 2017 tok Ulstein sokn i bruk nye heimesider www.ulsteinkyrkje.no som fungerer bra.

Både dåpspåmeldingar og påmeldingar til arrangement kan skje via heimesida. På heimesida til Ulstein nye kyrkje www.ulsteinnnyekyrkje.no kan ein både finne informasjon om byggeprosjektet og teikne kyrkjebyggjaravtalen. Kyrkja er med dette langt meir tilgjengeleg enn før.

Også facebooksida til Ulstein kyrkje er i aktiv bruk, mest som informasjonskanal – i mindre grad til kommentar og diskusjonar.

### 16.3 KONTAKT MED ULSTEIN KOMMUNE

Ulstein sokn har eit godt samarbeid med Ulstein kommune. Ordføraren er kommunal representant i Ulstein kyrkjelege fellesråd. Det er faste årlege samtalar med ordførar og rådmann, og det er god dialog om samarbeidsprosjekt og prosjekt der vi i lag med kommuneadministrasjon finn gode løysingar.

Tenesteytingsavtalen med Ulstein kommune fungerer godt, sjølv om den er gått ut på dato og treng fornying. Gjennom tenesteytingsavtalen fører Ulstein kommune også rekneskapen for Ulstein sokn og har ansvar for utbetaling av løn. Dette samarbeidet er vi svært nøgde med.

For å realisere skisseprosjektet til Ulstein nye kyrkje har Ulstein kommune tildelt soknet kr. 1 200 000 i investeringsmidlar i 2017.

### 16.4 KONTAKT MED PROSTEN I SØRE SUNNMØRE

Prosten er leiari for prestetenesta i heile prostiet. Med jamne mellomrom møter prosten også kyrkjeverjene i prostiet for å drøfte spørsmål kring leiing og administrasjon av kyrkjelydane. Det er gode samarbeidsforhold. For fagleg påfyll og utveksling mellom alle kyrkjeleg tilsette i prostiet arrangerer prosten og kyrkjeverjene ein årleg prostidag.

### 16.5 KONTAKT MED MØRE BISPEDØMERÅD

I prosessen med planlegging av Ulstein nye kyrkje, utviding av kyrkjegard, fagleg rettleiing og hjelp i utarbeiding av planar for kyrkjemusikk og diakoni er det samarbeid med rådgjevarane ved Møre bispedømeråd.

Møre bispedømeråd tildeler også trusopplæringsmidlar og kompetansesettiskot til diakonstilling og kateketstillinga i Ulstein.

Dei tilsette tek også del på ein del fagsamlingar i bispedømet.



## 17 SLUTTORD - DEN SLITTE ALTARRINGEN

I lang tid har eg sett altarringen slik den er i dag. Polstring som går i opplysing, hol i skinnkledninga, skrapemerker på armstøtte, raudvinsflekkar, skosoleavtrykk på kneleputa og overflata som er prega av mykje kontakt med menneskehud. Den bør skiftast, har eg tenkt.


Men det er også slik at kvart merke i altarringen har si historie. Det er mogleg at vassflekkene er frå ei tåre som har trilla ned kinnet i glede over at vi kan ta imot nåden i nattverden. Kanskje raudvinsflekkene vitnar om ei hand som ikkje lenger er stodig nok å halde begeret heilt i ro – men nattverden er det festepunktet i livet som akkurat denne personen treng. Kan hende skrapemerka er frå barnet - som frimodig i sin barnetru- ville klatre over for å få med seg det prestengjer der framme. Og hol i skinnet? Nokon slapp taket i ei kasse – ei bør som ikkje lenger kunne berast åleine?

Med 5500 nattverdsgjestar årleg, med konfirmantane som vert velsigna, med ektepar som vert vigd til eit liv i lag, med born som vil kome nær og utforske trua sitt mysterium, vitnar alterringen først og fremst om hyppig bruk.

Eg legg plutseleg også merke til den borttrakka malinga der presten står framfor alteret og berar kyrkjelyden sine bøner fram for Gud. Her står presten og innstiftar nattverden med dei gamle, heilage orda. Ved altarringen kjenner vi kanskje ein spesiell nærliek til det heilage, der ord åleine ikkje strekk til. Velsigninga som vert gitt gjennom handa på hovudet, fellesskapen med Jesus, gitt gjennom nattverden, tilgjevinga vi kan vere trygge på når vi reiser oss og går med lyfta hovud tilbake til kvardagen. Her ved alterringen kjenner vi at ord blir nærliek, går rett i kroppen.

Ikkje rart at dette viser på altarringen. Ulstein kyrkje er ei kyrkje som blir brukt mykje. Det er denne slitasjen på kyrkja vi er glade for. Alterringen skal trekkjast om i løpet av 2018. Vi voner at den nye blir brukt minst like mykje.

*Christfried Kaul, kyrkjeverje*



# *Ulstein Sokn*

## *Årsmelding 2017*

[www.ulsteinkyrkje.no](http://www.ulsteinkyrkje.no)



DEN NORSKE KYRKJA

*Meir himmel på jorda*